

200901128-114
Kv/FA50

312

Kaupanger/Breim 12.8.2011

NVE-Konsesjonsavdelinga

5091 Majorstua-Oslo

v/Jan Sørensen

Ang. Breim Kraft AS

Underteikna er for el-kraftutnytting av Storelva i Breim, og er ikkje imot utbygging av småkraftverk av rimeleg storleik, slik som på Teita eller tid der gamle Flølo-kraftverket stod. Derimot er eg imot dei planane som ligg føre i dag.

Privat tek eg, som nærmeste nabo til tunellinnslaget mot vest, utgangspunkt i dei ikkje heilt klare, men moglege ulempene utbygginga vil kunne føre med seg for meg/oss som eigarar av fritidseigedom på sk. Bøterrassen.

Viktigaste for å gå imot er likevel allmenne omsyn, at å ta vatnet frå den 4 km lange strekninga av Storelva mellom Lunde og elveosen, ikkje kan forsvarast ut frå trivsel, - miljø- og naturomsyn. Det same gjeld miljø-naturmessige konsekvensar av dei store tunnellmassene.

Frå gammalt av har heile denne nedre delen av Breimselva vore attraktiv for aurefiske. Ola Bøe, no busett på Stord, men eigar av garden i Bø der han vaks opp, fortel at Storelva har vore ei god fiskeelv og at det blei teke storaure både på vest- og austsida av fisketrappa ved Flølofossen. Farfar hans, tok storaurar så langt aust som ved Lunde, nær inntaket som no er planlagt. Dei største tok han i "inste dammen". Den største auren Ola veit om som er teken i elva var 11 kg. Den tok far hans på fluge eit stykke vest om fisketrappa ved Flølofossen. Sjølv tok han ei ettermiddagsstund på strekkja Flølofossen-Lunde/Stokke 30 aurar med makk som agn.

Denne strekninga er dertil attraktiv mht forskjellig slags avkopling, sport og rekreasjon, for eksempel rafting, padling etc. I slike samanhengar vil nedbygging av denne delen av Breimselva innebere eit betrakteleg tap både for lokalbefolkinga og i turismesamanheng.

Denne fråsegna då det finst godt alternativ som er langt mindre natur- og miljøøydeleggande.

Dagmund Moldestad

Bråtaveien 4

6854 Kaupanger

